



Sandøy kommune  
Steinshamnvegen 112  
6487 HARØY

Trondheim, 22.06.2018

Dykkar ref.:  
18011258

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2018/2435

Sakshandsamar:  
Bjørkum, Ida

## Tildeling av tilskot - Hydrogen produksjon fra fornybar energi på Harøya

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot av 15.02.2018 med referansenummer 18S8AF79. Det er søkt om eit tilskot på kr 250 000. Miljødirektoratet gir med dette ei tilsegn om seinare utbetaling av tilskot på kr 250 000. Tiltaket som blir gitt tilsegn om tilskot er "Hydrogen produksjon fra fornybar energi på Harøya".

Beskriving av tiltaket:

*"Ein skal gjennomføre ein forprosjektstudie for å, sjå om ein kan etablere eit produksjonsanlegg for hydrogen som kan bidra til å redusere klimagass utslipp i den lokale regionale transportnæringa både til lands og til vanns basert på energi fra vindmøllene på Harøya og eventuelt supplere dette med energi frå solcellepanel for å få ein jamnare produksjon.*

*Ein skal ta utgangspunkt i dagens eksisterande anlegg som er 5 vindmøller som til saman leverer mellom 8-9 GWh pr år .*

*En må beregne total produksjonskapasitet og produksjonskostnad som følge av investeringer til elektrolyser , bygninger , lagertanker og distribusjonssystem til fyllestasjon.*

*I forprosjekta skal ein kartlegge:*

- Lokalteter i kommunen der det kan produseres hydrogen fra fornybar energi, vind og sol.*
- Planer som bør utarbeides for lagring og distribusjon av hydrogen*
- Kvar det er tenleg å etablere infrastruktur på land og sjø*
- Andre planrelaterte problemstillingar (VAA, arealbruk, infrastruktur, transportplanlegging)*
- Potensiale for utsleppsreduksjon*
- Nærings- og klimamessige mulegheter knytt til ulike bruksområde for hydrogen i kommunen og regionalt i Ålesund i første omgang.*

*"*

### BAKGRUNN

I 2018 fekk Miljødirektoratet fekk 355 søknader til tilskotsordninga Klimasats - støtte til klimasatsing i kommunane". Samla søkesum var 318 millionar kroner. Ramma for tildeling er 147 millionar i 2018. Det betyr at fleire klimatiltak ikkje får tilskot, og at nokre får mindre enn dei har søkt om.

Føremålet med ordninga er å medverke til reduksjon av klimagassar og omstilling til lågutsleppssamfunnet. Miljødirektoratet har vurdert søknadene i samsvar med kriteria for tildeling og prioritering. Ved prioritering av søknadene har vi lagt vekt på:

- Potensial for reduserte utslepp.
- Grad av innovasjon i omstilling til lågutsleppssamfunnet.
- Overføringsverdi og at potensial for positive ringverknader.
- Realistisk budsjett knytt til kostnader, og plan for gjennomføring og framdrift.
- Ambisjonar for reduserte klimagassutslepp ut over minimumskrav i lover og forskrifter.
- Andre effektar av tiltaket, positive og negative.
- At tiltaket ikkje har rett til støtte frå andre statlege ordningar.

#### VURDERINGA TIL MILJØDIREKTORATET

Sandøy kommune søker kr 250 000 i støtte til eit forprosjekt for å vurdere eit produksjonsanlegg for hydrogen basert på energi frå eit eksisterande vindkraft-anlegg på Harøya. For å få ein jamnare produksjon skal det eventuelt etablerast solceller som kan supplere energien frå vindturbinane.

Hydrogen kan vera eit viktig tiltak for å redusera utslepp frå transport i framtida, og potensialet for klimagassreduksjon er betydeleg. Prosjektet står fram som heilskapleg og ambisiøst, mellom anna med vurdering ulike bruksområder for hydrogen i kommunen og regionalt i Ålesundområdet, og løysingar for lagring og distribusjon. Hydrogen som er produsert av fornybar energi er ein utsleppsfri energibærar som kan kome til å spele ein viktig rolle i omstillinga til lågutsleppssamfunnet. I den siste tida har arbeidet med hydrogen i skipsbransjen skote fart mellom anna gjennom at Statens vegvesens arbeid med hydrogenferge, og prosjekter i regi av mange fylkeskommunar langs kysten. Vi ber kommunen sende inn ferdig forprosjekt som del av rapporteringa til Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet støtter forprosjektet med inntil 50% av kostnadene, opp til kr 250 000. Vi gjer merksam på at vi normalt ikkje støtter gjennomføringsprosjekt innanfor området energiproduksjon. Her vil vi anbefale å undersøke moglegheitene hos Enova.

#### KRAV TIL RAPPORTERING OG UTBETALING

Utbetaling skjer seinare, på grunnlag av innsendt rekneskap og rapport. Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter. Logg på med same brukar som leverte søknaden.

Rekneskapet skal vere stadfesta av økonomisjef eller tilsvarande, kommunerevisjon eller ekstern revisor. Dersom det er planlagt kommunal arbeidstid som del av kommunens eigeninnsats rekneskapsføres tida med inntil kr 500 per time. Timelister skal ikkje leggas ved rekneskapet.

#### FRIST FOR Å AKSEPTERE TILSEGNA

Frist for å akseptere tilsegna er 1. september 2018. Tilsegna vert akseptert i søknadssenteret. Logg inn med same brukar som leverte søknaden.

Lykke til med arbeidet!

Denne avgjørelsen er ikke et enkeltvedtak og kan dermed ikke påklages, jmfør forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav a og b, jmfør fjerde ledd.

Følgjande rapportering er ein føresetnad for tilsegna om tilskot:

Skal leverast	Beskriving	Frist
Sluttrapport	Rapportering i henhold til kravene beskrevet i brevet	01.06.2019

Beløpet vil bli utbetalt innanfor følgjande plan:

Planlagt utbetalt	Beskriving	Beløp
201908	Utbetaling av tilskudd	250 000

Tilsegna er gyldig til 31.12.2019. Dersom rapporteringa som vist ovanfor ikkje blir overhalden, fell tilsegna om tilskot bort, og tilsegnsbeløpet vil då bli omdisponert til andre formål.

Dersom føresetnadene for å gjennomføre tiltaket blir endra vesentleg eller fell bort (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig), skal Miljødirektoratet ha beskjed med det same.

Vi gjer merksam på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen med heimel i løyvingsreglementet kan kontrollere om tilskotet er nytta i samsvar med føresetnadene.

Vi gjer vidare merksam på at Miljødirektoratet heilt eller delvis kan krevje eit eventuelt utbetalt tilskot tilbakebetalt dersom midlane ikkje blir brukte i samsvar med føresetnadene, eller føresetnadene for tilsegna fell bort.

Rekneskapsbilag knytte til gjennomføringa av tiltaket skal oppbevarast i minst ti år, eller i samsvar med rekneskapslova dersom verksemda di er underlagd denne.

Helsing  
Miljødirektoratet

Herdis Laupsa  
seksjonsleder

Kirvil Stoltenberg  
prosjektleder

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på [www.norge.no](http://www.norge.no).

Kopi:  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

. . .